# Årsmøte i Lærdal Golfklubb

Onsdag 15. februar 2017

Håbakken, Lærdal

Kl.18.30

Etter sakshandsaminga vert det baguetter og quiz

## Saksliste

**Sak 1 Stemmerett – oppteljing**
**Sak 2 Godkjenning av rett innkalling og sakliste (§13 pkt 3)**
**Sak 3 Val dirigent, referent, 2 representantar til å underteikna protokollen**
**Sak 4 Handsame årsmelding for 2016**
**Sak 5 Handsame rekneskap for 2016**
**Sak 6 Innkomne saker**
**Sak 7 Terminliste 2017**
**Sak 8 Kontingent 2017**
**Sak 9 Handsame budsjett for 2017**
**Sak 10 Val**
**Sak 11 Komitéar**

**Styret 2016**

**Petter Lossius, Ole Kristian Øren, Olav Wendelbo,**
**Roger Kleiva, Oddvar Aalen, Jan Lunde,**
**Gerd Skalle (vara), Per Åke Evjestad (vara)**

**Sak 1 Stemmerett Lærdal Golfklubb – oppteljing**

Stifta 01.01.2000, vedteke av årsmøtet, med seinare endringar av 09.02.2016, godkjent av Sogn og Fjordane idrettskrins 28.06.2016.
For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, ha vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt.

Tal møtte . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

**Sak 2 Godkjenning av rett innkalling og sakliste (§13 pkt 3)**

Melding på heimesida 9. januar
Sakslista er lagt ut som PDF på heimesida, og blir vist på skjerm.

**Sak 3 Val dirigent, referent, 2 representantar til å underteikna protokollen**

Dirigent . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Referent . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Signatør 1 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Signatør 2 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

**Sak 4 Handsame laget si årsmelding.**

Årsmeldinga for 2016 er lagt ut som PDF på heimesida.

**Sak 5 Handsame laget sitt rekneskap**

Årsrekneskap 2016 er lagt ut som PDF på heimesida.
2016 Rekneskapsrapport frå Økonomiservice

Rekneskapen var ferdig 30. januar og vart sendt til revisorane.

Revisormeldinga vert presentert på Årsmøtet.
Revisor for reknskap 2016: Odd Inge Mo og Sigmund Solvoll.

**Sak 6 Innkomne saker og Diskusjon saker**

**Sak 6a - Viktig informasjon fra NIF og NGF - Orienteringssak**
For å hjelpe idrettslagene har NIF etablert følgende nettside der all ny informasjon er samlet - Enklere idrettslag på 1-2-3:
https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/enklere_idrettslag_2017/
1: Årsmøtet må avholdes innen 31. mars

2: Rapportering av medlemsopplysninger innen 30. april

3: Elektronisk medlemsregister innen 31. desember 2017

**Sak 6b – Loven for Lærdal Golfklubb - Orienteringssak**

Ny lov som vart vedteke på klubben sitt Årsmøte 9. februar 2016 vart godkjend av NIF Sogn og Fjordane 28. juni 2016.

**Sak 6c – Ny Bane, komité som skal arbeide for ny bane - Avstemmingssak**

**Innleiing (Petter)**

Årsmøte 2016 ba Styret ta kontakt med Garden for å forlenge kontrakt om bana etter 31. desember 2019.

Klubben ved Petter og Ole Kristian avtalte møte med Elisabeth og Frank:

Sendte mail 05-02, men de kan ikke før siste uka i mai.

Avtalt torsdag 9. juni kl 20, golfklubben fekk da muntleg beskjed leige ikkje ville bli forlenga.

For å sikre rett beskjed ba klubben om bekrefting, og mottok epost 13. august:

*Me bekrefter med dette at me ikkje ynskjer å vidareføre leigekontrakten med Lærdal Golfklubb etter at den noverande kontrakt går ut 31.12.19.*

*Mvh Elisabeth Rumohr og Frank Flatland*

**Vidare handtering (Per Åke)**

Oppslag Sogn Avis.

Møte med Styre og LNU.

Møte 20. desember.

Forslag til vedtak på styremøte.

Per Åke vil si noko om bakgrunn og vegen framover.

Referat frå møte med kommunen, NIF S&F, Bondelaget, Reiselaget, LNU og NGF 20. desember 2016 hos Arve Tokvam, LNU på Øyri

**Til Årsmøte, forslag (Petter)**

Styret ba Ole Kristian Øren og Vidar Øygard sette opp eit forslag til komité og mandat for komiteen. Forslag vert lest opp.

Det vert høve til diskusjon. Viktig å ha med dei "store linjene" for eit prosjekt, men viktigst kva medlemane tenker seg og kva moglegheiter som finnst.

## Sak 6d – Årdal Range v/Are - Avstemmingssak

LÆGK løyver kr. 10.000 til drivingrange i Utladalen, i 2017. Behaldninga på konto for Årdalrangen vert justert til kr. 25000 som vert stilt til disposisjon for drift og tiltak på Årdalrangen.

Formål, vidareføre oppgradering (nett, kurver, eventuelt overbygg, vatn til ballmaskin etc.). Etter at vi fekk rangen i drift att i 2016, har det vore jamt godt besøk, og den er viktig for golf interessa i Årdal (som og er viktigaste nærområdet til LÆGK).

## Sak 6e Reglar for Golfbil, leigebeløp og registrering

Når det gjeld Golfbile meinar eg det må bli klarare linjer for bruk av bilen og kontrollar ved bruk . Det kan gjerast einkelt at ved leige av bilen må leigetakaren fylla ut ein merkelapp som må hengjast på bilen med dato klokkeslett og sum , då det er ulike takstar for ni hol og meir .

Det var eit tilfelle her sist sommar at formannen lånte ut bilen til ein spelar som var skada . Dette meinar eg er OK , men at då må den skada betalar halvt leigegebyr .

Ingebrigt Wangensteen Gjerde

## Sak 6f Banekomité og merking Hol 4

Vedlikehold av bana .

Eg meinar at Lærdal Golfklubb må ha ein BANEKOMITE . Dette grunngjev eg med fleire tillhøve , for to år sidan fekk hol 4 nytt utslag ,Tee . Eg har nemt dette fleirfoldige gonger til formannen at dette må skiltast opp og med orientering ved utslaget , Tee , om lengde etc .

Og like eins merka om orienteringstavla ved det andre utslaget ,Tee .Der står det tydleg Hol 4 , mange gonger har gjestespelarar undra seg over dette umerka utslaget , Tee . og spurt meg kva det er til .

Eg har også nemt dette med å få retta opp og slege nedi stakane som markerar bana , mange ligg nede og på feil plass . Ved fleire høver har eg nemt dette til formannen utan at noko skjer . Eg har også nemt det til "Martin", men han kan ikkje gjera det når han ikkje har fått ordre frå formannen .

Dette er grunnar som eg meina at det kan væra lettare og få ordna oppi når ein har ein BANEKOMITE eller stadig gå å masa på formannen .

Ingebrigt Wangensteen Gjerde

## Sak 6g Ny Slope

Ny slope er klar og vil gjelde frå 2017. Det var lite endring.

## Sak 7 Bana og Terminlista 2017

Terminlista for 2017 vert lagt fram på Årsmøtet

Om du ynskjer å endre noko på Terminlista er det NO det er mogleg.

E16 Cup - Dato må avtalast med Valdres Gk.

## Sak 8 Kontingent 2017

Kontingent vert auka for å dekke generell auke i kostnader samt å matche medlemsavgift til NGF og GolfBox IT-avgift. Forslag for **2017**

2500 - Senior Spel Fritt (2500, 2460)

960 - Junior Spel Fritt (960, 940)

1250 - Student Spel Fritt (halve fritt spel senior)

370 - Knøttespelar Spel Fritt (370, 370)

795 - Fjernmedlem Senior (795, 780)

395 - Fjernmedlem Junior (395, 390)

0 - Styre Fritt Spel (0, 0)

460 - Støttemedlemskap med Norsk Golf (460, 460)

## Sak 9 Handsame laget sitt budsjett

Forslag til budsjett vert lagt fram på Årsmøtet.

## Sak 10 Val

Val Styre 2017

Ordet går til val-komiteen som er Ivar Otte Rikheim (leiar), Ole Morten Hestetun, Ingebrigt Wangenstein Gjerde og vara Johan Haldor Traustasson

Val Valkomité

Styret ber sittande valkomité halde fram.

Val Revisorar

Styret ber gjeldande Revisorar halde fram.

Sigmund Solvoll ynskjer ikkje gjenval.

## Sak 11 Komitéar

Banekomité

Odd Inge Mo (leiar), Ivar Otto Rikheim (drift og gras), Oddvar Aalen (maskiner), ny Henry Lindesteg (maskiner), ny Terje Bakken (maskiner)

Turneringskomite

Petter Lossius (leiar), Oddvar Aalen, ny Jan Lunde

Årdalrange

Are Indrelid (leiar), Per Olav Lerøy, Odd Børge Nundal, Bjørn Hunshammer, Espen Øren, Ståle Øvstetun

Junior- og Rekrutteringsgruppa

Per Åke Evjestad (leiar)

Kurs og Vegen Til Golf

Ole Kristian Øren (leiar)